



## Notat

Dato: 22.10.2018  
Arkivsak: 2018/15146-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Omgjering av psykologstillingane i psykologteamet i Hordaland til faste stillingar - Oversendingsforslag til Administrasjonsutvalet frå Utval for opplæring og helse**

Utval for opplæring og helse behandla i sak PS 81/18 i møte 05.09.18 Satsing for betre psykisk helse for elevane i vidaregåande skule - evaluering av Psykologteamet i Hordaland. Representanten Jeanette Syversen (Rødt) fremja slikt oversendingsforslag:

«For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse blir psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga med (faste stillingar) permanent ansettelse».

Oversendingsforslaget vart oversendt administrasjonen etter røysting.

I samråd med fylkesrådmannen har HR-direktøren avgjort at dei seks stillingane vert omgjorde til faste stillingar. Nye tilsetjingsforhold vert formaliserte så snøgt som det er praktisk mogleg.